

Skipskatt på over 4 kilo

18.07.2011



Trinity, Mori og Heike i Uskedalen.

**Det er eit mannskap på 3 i siglaren Terrathree frå Flensburg  
- dei er ekteparet Heike og Mori Moayyeri og ein Persian  
Tortyshield katt som heiter Trinity.  
Trinity er 9 år gammel og har 3 år bak seg som skipskatt, ein  
funksjon den klarer utmerket. No er alle 3 i Uskedalen.**

Vertskapet er imponert over katten, som aldri steller til disciplinære problem. Den går gjerne i land åleine men kjem alltid att og det er berre når det stormar som verst det er nødvendig å feste Trinity til noko på båten.

Men enda meir imponerande enn disiplinen er vekta, for sist dei vog Trinity stoppa pila på 4200 gram! Namnet fortel forresten at pelsen til katten har 3 farger - det er beige, brun og grå.

No har Trinity vore på ein spennande rundtur i Hardangerområdet. For 3 veker sidan var trioen i Uskedalen og så bar det innover i fjorden - heilt til Eidfjord.

I går var dei på tur ut og hadde ikkje planar om å stoppa i Uskedalen ein gong til. Men så bles det opp og dei fann det tryggast å søkja tilflukt att i ei hamn dei visste

var relativt fri for vind.

- Her er det roleg og triveleg, seier Mori og alt tyder på at Trinity er samd.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen